

Norconsult AS
Pb 1199

5811 BERGEN

Sakshandsamar: Tone Teigen
Telefon: 91138528
Seksjon: Region Vest
Vår referanse: 15/12218
Dykkar referanse: 5151930\Hilland Vest
Vår dato: 23.09.2015
Dykkar dato: 15.09.2015

Att: Jan-Inge Nilssen

LINDÅS KOMMUNE HORDALAND - UTTALE TIL SØKNAD OM MIDLERTIDIG UTVIDING AV UTSLEPPSLØYVE FRÅ HILLAND VEST AVLØPSREINSEANLEGG

Viser til brev datert 10.09.2015.

Der varslar de at Lindås Kommune vil søkje om midlertidig auka utsleppsløyve i reinsedistrikt Hilland vest. Årsaken til dette er tilrettelegging av to nye bustadfelt, Vindkallen og Haghaugen. Desse bustadfeltene skal ha lokale reinseanlegg. Det er reinsa avløpsvatn som skal førast i leidning til eksisterande reinseanlegg på Heimetangen. Derifrå vert det ført ut i Alværstraumen, om lag 50 m frå land.

Det vert søkt om løyve til å utvide utsleppet frå 400 pe til 1200 pe.

Fiskeridirektoratet region vest si interesse i slike utsleppssaker er å sikre marint mangfald, samt fiskeri- og akvakulturinteressene i området.

Det er viktig at tiltakshaver har kunnskap om og tek omsyn til dei marine leve- og oppvekstområda i og omkring det aktuelle området.

Om lag 350 m frå utsleppet er det registrert eit rekefelt.

Vi kan ikkje sjå at ei auke i utsleppet av reinsa avløpsvatne kan føre til større ulempe for dette rekefeltet.

Fiskeridirektoratet region vest har difor ingen merknad til midlertidig utviding av utsleppsløyvet frå Hilland vest.

Med helsing

Kari Morvik
fungerande seksjonssjef

Tone Teigen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Norconsult AS

Pb 1199

5811

BERGEN